



Årsmelding 2019



Kleiven Sogn - Trucknor – Monter Andersen – Klingenberg Hotell - Gosh PGP
– Norconsult – Tangen Sport – Hydro Årdal



årdalsnett



Årdal Energi



Årsmøte Årdalstangen Idrettslag

9. juni 2020 klokka 18:00 på Klingenberg Hotell

Sakliste

- 1. Opning**
- 2. Godkjenning av innkalling**
- 3. Val av møteleiar**
- 4. Val av referent**
- 5. Val av to til å signere protokoll**
- 6. Årsmelding.**
- 7. Rekneskap**
- 8. Budsjett**
- 9. Innkomne saker**
 - 9.1 Val av påtale for 2020**
 - 9.2 Sperring av konto som tryggleik for billotteriet 2020**
 - 9.3 Kjøp av ny trakkemaskin til Seimsåsen**
 - 9.4 Utskifting av halgonpærer til LED-lys på lysløypeanlegget på Seimsåsen 2020-2023**
 - 9.5 Medlemskontigent for 2020**
- 10. Val etter lovene**
- 11. Utdeling av prisar**

ÅRDALSTANGEN IDRETTSLAG

ÅRSMELDING

2019

Arbeidsutval og styremedlemmer

Leiar	Roy Andrè Nytun Bergerud	2019 - 2020
Nestleiar	Beate Bjørvik	2018 - 2019
Kasserar	Anne Kauppi	2019 - 2019
Sekretær	Unni Kvale Kvannli	2019 - 2020
Styremedlem 1	Henrik Andersen	2018 - 2019
Styremedlem 2	Ingvild Bergset	2019 - 2020

Ski	Magne Knudsen
Handball	Anne Kauppi
Fotball	Vebjørn Valaker
Barneidrett	Linn Hege Lereng Einan
Turn	Line Hals Kvanli
Trim	Marit Rasmussen
El.innebandy	Trine Hestetun

Revisorar	Willy Jensen	2018 - 2019
	Terje Borkhus	2018 - 2019

Skulekontakt Rektor og leiar elevrådet 2019

Valnemnd Johnny Svåi 2019
 Ingvill Eldegard 2019

Representatar frå ÅTIL i Årdal Idrettsråd:
Roy Andrè Nytun Bergerud

Styremedlem i Sogn og Fjordane
Idrettskrins:
Emil Hillestad

Årsmelding 2019



Styret:

Leiar: Roy Andre Nytnun Bergerud

Nestleiar: Beate Bjørvik

Kasserar: Anne Kauppi

Sekretær: Unni Kvale Kvannli

Styremedlem: Henrik Andersen

Styremedlem: Ingvild Bergset

Møteverksemd i 2019

Arbeidsutval: 2 møter

Hovudstyret: 7 møter

Diverse møter med Årdal Kommune, Tangen Skule, Årdal Idrettsråd, IL Jotun, Årdal Fotballklubb og Målrock..

Medlemstal 2019

994 medlemmar fordelt slik:

Medlemstall									
Kvinner					Menn				
0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -
13	62	71	39	271	28	79	84	79	268

Aktivitet i laget

Turngruppa kjøpte inn ei tumblingmatta. Det er viktig at gruppene oppgraderar utstyret og det gjorde so absolutt turn da dette året.

Dessverre so gikk idrettsrådet inn for at turnhallen skal ligge i Øvre so da må me gjere so god jobb me kan med å få ein god turnhall der.

Dette bir ikkje ein hall til Jotun men ein hall til Årdøler. So viktig at me også er med å bidrar.

Gruppene våre fungerer fint, og me kan med stoltheit sei at me tilbyr litt av alt til alle som vil.

Hovudlaget har òg aktive utøvarar. Kvar fredag tilbyr me sirkeltrening på

1,5 time i Tangenhallen. Det er Line Hals Kvanli og Kirsti Gulbrandsen som er primus motor for sirkeltreninga – tusen takk til dykk begge!

Me har ikkje gitt opp å få til eit klubblokale, men turnhallen tok tid og krefter.
Kanskje kan ein no fokusera på andre prosjekt.

Bussen som me kjøpte inn i 2018 er me meget fornøyd med. Noko småtull med lause belter og seter men dette fiksar me etterkvart.

Me vil prøva å få arrangert kurs/opplæring, slik at fleire føresette kan ta minibuss-sertifikat.

Turngruppa vår hadde turnstemne i Mars månad. Dette blei meget vellykka og me håpar på fleire stemner i tada framover.

ÅTIL vil takka alle sponsorar og medlemmar for året som har gått. Utan dei flotte sponsorane me har, so hadde ikkje ÅTIL våre som det er no.

Vil og takka Tangen sport og printfarm/skrivargarden som jevnt og trutt må trø til for å levere ÅTIL klede til oss.

Takkar alle i hovudstyret for eit flott samarbeid i 2019.

Mvh

Leiar ÅTIL

Roy Bergerud



TOPP MED TIVOLI: Karusellar og andre tivolving høyrer med til Fjord til fjell. 2020 blir ikkje noko unntak.

(illustrasjonsfoto).

Idrettslaget tek grep om Fjord til fjell

■ ■ Tradisjonsrik festival ■ ■ Trappa ned ■ ■ Klar til ny innsats

ÅRDAL: Årdalstangen idrettslag vil dra lasset og syta for at det blir Fjord til fjell i 2020. Men laget for alle vil gjerne ha fleire med.

– Foreldra meinte det vart for mykje dugnad. Det måtte me ta på alvor.

Dette er forklaringa på kvifor Årdalstangen idrettslag for to år sidan annonserte at det ikkje lenger var kapasitet nok til å vera med og dra lasset i samband med den tradisjonsrike Fjord til fjell-festivalen på Tangen.

Nye tider

No er det nye tider, og leiinga serverer ei gladmelding til dei som måtte lura på om det blir nok av i det heile tatt i år: det blir det.

– Det at ÅTIL trekte seg litt ut, hadde med talet på dugnadstimar å gjera i høve til medlemstalet. Ein del foreldre meinte det vart for mykje dugnad, noko me måtte ta på alvor. Det har vore gjort ein kjempejobb av Frank Eldegard i Kjelde as og mange med han, men sidan han no har gått over i anna arbeid (dagleg leiar for Gamleskolen, journ.mrk), tenkte me tida var inne

for å ta i eit tak, seier ÅTIL-leiar Roy Bergerud.

Stod i fare

– Me høyrde nyss om at det kanskje stod i fare for å ikkje bli arrangert i år, då tenkte me at det kan me ikkje lata skje, legg han til.

ÅTIL var i si tid med på å dra i gang Fjord til fjell-dagane, som går av stabelen i starten av juni. I år er det 5.–7. juni som er sett av. No ber ÅTIL-leiinga fleire om å bli med.

Faste element

– Me har med oss fleire aktørar i komiteen, men me vil veldig gjerne ha endå fleire. Dei som kunne tenkja seg å bidra på eitt eller anna vis, er hjarteleg velkomne til å ta kontakt, seier nestleiar i ÅTIL, Beate Bjørvik. Ho avslører at eit fast element er på plass allereie: tivoli.

– Det blir ikkje Fjord til fjell utan tivoli, slår ho fast.

Bingo og lotteri

I tillegg ligg det klart at det blir bil-lotteri som vanleg. Dette er ein ÅTIL-tradisjon med djupe røter.

– Bingo er også sett opp på programmet, det har me fått fin respons på dei

gongene me har hatt det. I arrangementskomiteen er det også ein del andre idear, men dei vil me ikkje avsløra akkurat no, seier Bjørvik.

Ta kontakt!

Dei siste to-tre åra har Fjord til fjell hamna på pinsehelga. Det gjer det ikkje i år, noko dei håpar er ein fordel.

– Me ser at det kanskje er ein del som har planar om å reisa vekk akkurat den helga, så me håpar denne passsar betre for dei fleste. I tillegg håpar me som sagt på innspel og idear frå alle som vil vera med, seier Bergerud.

– Berre ta kontakt!

Fin arena

Han seier alle er velkomne, om det er snakk om torgsal og buer eller andre aktivitetar.

– Fjord til fjell er og har vore ein fin arena for lag og organisasjonar å syna seg fram på, det vil me framleis at det skal vera. Men me ynskjer også å utvikla den biten med torgsal, seier han.

– Det er så mange flinke folk lokalt som held på med så mykje fint, så me håpar at ein del av dei vil vera med, legg Beate Bjørvik til.

Dei oppmodar årdøler - og sjølvsagt andre – om å setja av helga og bli med



GJER GREP: Leiar i ÅTIL, Roy Bergerud og nestleiar Beate Bjørvik er klare til å ta i eit tak for at det skal bli Fjord til fjell-dagar i år igjen.

på moroa.

– Me er avhengig av at folk stiller opp og viser at dei verkeleg vil ha dette arrangementet, me vil gjerne ha mangfald i alt som blir presentert, anten det er lag og organisasjonar, bedrifter eller privatpersonar. Me jobbar med å få ein del ting på plass, men det ser lovande ut førebels, er den glade budskapen.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

ALT I BYGGEVARER, TRELAST
MUR OG BETONGVARER!

NEUMANN

Kloppevegen 7, 6854 Kaupanger
Tlf. 57 67 75 20 - kaupanger@neumann.no

Velkommen til oss for et godt tilbud!

• Digitaltrykk
RASK LEVERING!
Ingvald Husabø
Prenteverk as
post@ihp.no
www.ihp.as
Tlf.: 57 65 60 05

Omner, peiser, stålpiper, flis,
skifer, granitt, kantstein,
tilbehør, baderommøbler.

Fylldig utstilling i butikk og stort lager.

MONTERING - spør oss.

TRYGVE ESPELAND
MURARFORRETNING AS
www.espeilandflis.no • tlf 57 67 50 35/905 73 777
Bordavegen 1 • 6854 Kaupanger (vis a vis Lerumfabrikken)

Løysing SUDOKU:

5	9	7	2	8	3	6	4	1
4	8	6	5	9	1	2	3	7
1	3	2	4	7	6	5	8	9
3	2	9	1	5	7	8	6	4
8	1	5	6	4	9	3	7	2
7	6	4	3	2	8	1	9	5
2	4	8	9	3	5	7	1	6
6	5	3	7	1	4	9	2	8
9	7	1	8	6	2	4	5	3

1. Styret si samansetjing:

Leiar: Linn Hege Lereng Einan

Nestleiar: Grytsje Kooistra

Sekretær: Stine Fossen

Økonomi: Anette Huun Jevnaker

Styremedlemmar: Kjersti Nundal, Hanne Øren, Anne Kauppi, Siri Lie Husabø og Liz Mari F Asperheim.

2. Styret sitt arbeid:

Det har vore 6 fysiske styremøter der saker er handsama, i tillegg til masse dialog på eiga lukka gruppe på Facebook.

3. Aktivitet

Barneidretten har som tidlegare år eit tett og godt samarbeid med ulike grupper som turn, handball og ski. Desse gruppene har styrt mange kveldar for barneidretten og gjer ein fantastisk god jobb.

I tillegg til gruppene har styret laga til sirkeltrening og balleik som aktivitet.

Som i fjor vart det òg arrangert «Reflekskveld» på hausten der Politiet og Årdal Tenk Tryggleik var med oss. Dette er ein viktig kveld der barna får god informasjon om viktigheten av refleksbruk.



For å kunne oppretthalda tilbud om bading måtte me i 2019 høyra om føresette kunne tenkja seg å ta livreddingskurs for så å stilla som badevakt på barneidretten. Her var me så heldige å få fire føresette som gjennomførte livreddingskurs og som me no nyttar som badevakt. Bading vert no sett opp ca annakvar veke og interessa har vore stor. Me har telt mellom 10-15 ungar i bassenget kvar gong 😊 .



Barneidretten arrangerte òg tradisjonell nissemars i samband med julegateopninga. Faklane har me for lengst bytta ut med lommelykter, då risikoen var vel høg med levande lys...

4. Økonomi

Åtil Barneidrett har i 2019 hatt noko lågare inntekter enn året før, grunna at me ikkje fekk tildelt eigen knøtteturnering som gjev oss gode inntekter.

Me valgte òg å gje kr. 40.000,- til Åtil Fotball som var øyremarka 3v3 baner.

Likevel har Åtil Barneidrett eit positivt resultat på kr. 70.000,- i 2019, då me har gode inntekter frå sponsorar, Fjord til Fjell-arrangementet og Målrock.

Åtil Barneidrett ynskjer å fortsetja med å dele ut deler av overskotet til andre lag i idrettslaget. Det blir ikkje Målrock i år, men me er tildelt knøtteturnering som vil sikre oss gode inntekter også i 2020.

Vår dato
06.02.2020Vår referanse
Hovudstyret

5. Medlemstal

Barneidretten hadde i 2019 95stk påmeldte (mot 89 i fjor) fordelt slik på alderstrinn og kjønn:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Jenter	6	9	11	3	6	1	2	0	0	1
Gutar	9	11	9	4	6	5	7	3	2	0
Total	15	20	20	7	12	6	9	3	2	1

Total 39 jenter og 56 gutar.

Gruppevis vert inndelinga slik:

Tumling: 33stk

Fyrste gruppa (1.og 2.klasse): 27 stk

Andre gruppa (3.og 4.klasse): 35 stk.

6. Oppgaver i året som kjem

I 2020 ynskjer me å jobba vidare med å finna på nye aktivitetar for barna. Me har blant anna kontakta Bulder og Brak i Øvre for å få til kajakkpadling i bassenget for dei eldste. I tillegg vil me prøva ut «lysløype» og klatrekveld.

Omorganisering

Ei utfordring for barneidretten er at me har sett og fått litt tilbakemelding om at dei eldste på tumling (6åringane) samt 4.klassingane «kjedar seg» litt. Dei treng større utfordringar og mange av dei droppar ut frå barneidretten til fordel for meir individuell aktivitet som handball, fotball, turn, ski osv.

Styret i barneidretten har difor fremja forslag til hovudgruppa at alderstrinna på gruppene vert endra. Det vil seia å endra det slik at fyrste gruppa blir 6åringar og 1.klasse, og andre gruppa er 2. og 3.klasse.

Ein annan fordel med endringa er at me får samla 6åringane frå både begge barnehagane samt 1.klassen, slik at dei blir betre kjende og meir førebudde på skulekvardagen som ligg føre dei til neste år.

Hovudstyret i Åtil behandla forslaget før jul, og det vart vedteke at endringa blir gjeldande frå hausten 2020.

Informasjonsskriv om «omorganiseringa» er sendt ut til føresette.



Vår dato
06.02.2020

Vår referanse
Hovudstyret

Val:

Leiar: Linn Hege Lereng Einan – ikkje på val
Nestleiar: Grytsje Kooistra – på val, tek ikkje attval
Sekretær: Stine Fossen – ikkje på val
Kasserar: Anette Huun Jevnaker – ikkje på val
Styremedlem: Hanne Øren – på val, tek ikkje attval
Styremedlem: Kjersti Nundal – på val, tek ikkje attval
Styremedlem: Anne Kauppi – på val, tek attval
Styremedlem: Liz Mari Fossøy Asperheim – på val, tek ikkje attval
Styremedlem: Siri Lie Husabø – på val, tek ikkje attval

Signert og godkjent årsmelding 12.02.2020

Linn Hege Lereng Einan
Leiar

Grytsje Kooistra
Nestleiar

Stine Fossen
Styremedlem

Anette Huun Jevnaker
Styremedlem

Hanne Øren
Styremedlem

Kjersti Nundal
Styremedlem

Anne Kauppi
Styremedlem

Liz Mari F Asperheim
Styremedlem

Siri L Husabø
Styremedlem

Årsmelding 2019 Åtil Fotball

Det har i 2019 delteke 5 lag i seriespill for ÅTIL .

Desse laga er : Jenter 9 ,Gutar 9 , Gutar 10 ,Gutar 12 og Jenter 13/14.

Det har dessutan delteke lag på knøtteturneringar på Kaupanger , Hafslo, Lærdal og Jotun.

2 lag har også delteke på Fåbergturneringa dette var Jenter 13/14 og Gutar 12. Dette var eit kjekt og sosialt tiltak som vi hadde inntrykk av at ungane sette stor pris på. Ei slik helg ilag med gode venner og medspelarar , er noko ein vil sjå tilbake på med glede seinare i livet og er også med på å styrke sosiale nettverk og kameratskap.

I tillegg deltok 2 lag på eat move sleep turneringa i Sogndal . Dette Var Gutar 7 og Jenter 8 , som spelte 5ar fotball inne i Sognahallen .

Styret i ÅTIL Fotball har helde 5 styre møter i 2019 der det har vore diskutert ulike saker. Dei viktigaste sakene er utan tvil dei som gjeld tilgangen på spelarar . Dette er og blir eit stort problem for oss. Små årskull og ungar som sluttar midt i sesong gjer det utfordrande å drive fotballklubb. Åtil og Jotun arbeidar no med å sy saman lagkabalene for sesongen 2020 . Men det ligg nasjonale føringar på dette med samarbeidslag. Det fører til utfordringar for oss som klubb å gje eit relevant tilbud til dei ivrigaste spelarane. Regelverket er ikkje spesielt egna for små klubbar som oss. Me har også hatt utfordringar med flomlyset på kunstgrasbane , dette er eit gammalt og utdatert anlegg. Heldigvis klarte me å få gjennomført kampogrammet vårt i år også , med litt velvilje fra bortelag som framskunda kampstart og div.. ÅTILFotball har også investert i 2 stk. 3ar baner. Dette var viktig å få på plass særlig med tanke på at me skal arrangere knøtteturnering i 2020. Gutar 12 var også så heldige at dei fikk ein ikkje foreldre basert trenar 2019 . Gøran Mohei tok på seg denne jobben og var ein sær populær kar blandet spelargruppa .Leiaren deltok også på kretstinget til SFFK i slutten av november. Det er ikkje tvil om at klubbane rundt oss har store ambisjonar og at det nok ikkje er alt som me har ryggrad økonomisk til henge med på . Dersom me skal tekke Norges Fotball Forbund sine visjoner for framtida lyt vi nok auke treningsavgifter og medlemsavgiften monaleg . Dette vart ikkje motteke med hallelujastemming fra småklubbene som vi kan samanlikne oss med , og heller ikkje styret i ÅTIL Fotball.

Styret har bestått i 2019 av : leiar Vebjørn Valaker , nestleiar Svein Ove Jørgensen , kasserar Ulrik Ibsen , sekeretær Hanne Øren , medlem Linas Juskas , medlem Arild Hatlelid.



Årsmelding J. 13-14/2019!

Vi starta opp med treningane våre tidleg i februar, der 12 ivrige jenter var med frå start. Oppstarten vart prega av ein del springing, samt hopping i trappene inne. Slik grunn- og styrketrening viser seg verkeleg effektivt når sesongen er i gong. Treningsivrige jenter og ei gruppe med svært høg grad av sosiale eigenskapar, medfører at trenarrolla berre vert moro. Når og oppmøtet på treningane er bra, så viser og den fotballmessige utviklinga god progresjon.

Sjølv med 12 jenter, samt at vi og fekk med enno ei jente på vårparten, vart laget meldt på som 7-ar lag, noko som viste seg utover i sesongen, å vere det riktige.

Sesongen startar tungt, med tap i dei første kampane, der motstanden var svært tøff. Men vi fekk oss nokre seierar. Vi lærte fort at målsettinga for sesongen, vart som for året før; «tap og vinn, med same sinn. Men får vi til samspelet vårt og scorar mål, så er det det viktigaste!»

Hautsesongen gjev ein noko meir riktig samansetning av kvaliteten på laga i regionen, dermed så vert denne delen av sesongen, likevel kjekkast for jentene. Av våre totalt 66 scora mål i sesongen, så kom 44 av dei på hausten/etter ferien. Her viste jentene òg kva den fotballmessige utviklinga betyr; vi byrja å sette samspelet vårt, den enkelte vart tryggare på rolla si, «skuldrane vart senka» og jentene tok eit kollektivt ansvar i kvar enkelt kamp.

At vi til slutt enda opp som nr. 2 i seriens haustsesong, er rett og slett svært moro og noko kvar og ei jente, skal vere godt nøgde med.

Nokre av jentene har og markert seg i sone-samanheng, der ei av dei var med på fleire av samlingane til SFFK, region Sogn.

Når no Åtil ikkje lenger kan gje jentene eit fotballtilbod (for få spelarar), så er det for dei fleste aktuelt å melde overgang til naboklubben. Slik situasjonen er vorten, så er nok dette det beste. Men det er ingen av «våre» jenter som skal kvi seg for dette, snarare tvert om. Lukke til!

Vi har og registrert kor viktig det er at foreldre/føresette stiller opp og er til stades på kampane. Sist sesong så var vi og så heldige at fleire av desse var med på bortekampane, som igjen gjer at jentene vert stolte og tryggare. Dette må vi alle fortsette med.

Bilete av jentene under Fåbergturneringa:



Bak f.v: Sandra Moen, Elida Valaker, Ronja Seglem, Malin M. Bruhaug, Alexandra K. Løvdal

Framme f.v: Miriam Hop, Dina H. Vee, Andrea S. Breivik, Anne Skjelbreidalen, Alexandra S. Natvik

Ikkje med til Fåberg: ~~Erin~~ Otterdal, Sunniva M. Tandberg og Ingrid Nes

Namn spelar	Serie-/ Cupkampar	
	2019	Mål
Breivik, Andrea	17	3
Bruhaug, Malin Midtun	21	21
Hop, Miriam	21	3
Løvdal, Aleksandra Kvalevåg	19	0
Natvik, Alexandra	21	31
Otterdal, Eiril	11	0
Seglem, Ronja	21	3
Tandberg, Sunniva Mangera	7	1
Valaker, Elida	21	0
Moen, Sandra	12	3
Skjelbreidalen, Anne	19	0
Vee, Hestetun Dina	17	1
Nes, Ingrid	3	0

Spelarstatistikk:

5 av spelarane våre spelte alle 21 serie- og cupkampar. Vi har og 7 spelarar i dette laget, som til no har spelt over 50 kampar i Åtil-drakta.

Takk til alle for ein god sesong, masse latter og moro! Takk og til foreldre/føresette som har vore støttespelarar under kampane våre. Spesiell takk til Mette Kvalevåg og Kai Arne Løvdal, som dyktige og trygge bussjåførar.

Sportsleg helsing

Jørund Hop
Oppmann

Kristian Natvik
Trenar

Kåre Bruhaug
Trenar



Gi
rasisme
rødt
kort

Årsmelding handballgruppa

2019



Vår dato
27.02.2020Vår referanse
Styret handball

1 Styret si samansetjing

Leiar: Anne Kauppi
Økonomi: Merete Ylvisåker
Styremedlemmar: Jens Herstad, ansvar senior
Eva Skjerping, innkjøp kiosk/arrangement
Reidun Fodnes
Nadyia Melnikova, ansvar barneidrett

2 Styret sitt arbeid

2.1 Styremøter

Det har vore felles styremøter og trenar/oppmannmøter i gruppa. Det har vore praktisk, fordi dei fleste i styret har fleire rollar i handballgruppa

2.2 Spesielle oppgåver

Det har vore stor fokus på å auka interessa for handball, og arbeidet har me fokusert inn i barneidretten. Me har fått faste trenarar for minihandball, og ein eigen dag i tillegg til dei treningane torsdagane på barneidretten.

3 Aktivitet

Våren 2019 avslutta me med 4 aktive lag, i tillegg til samarbeidslaga på J16 og senior dame. Hausten 2019 starta med opp med lag i G10, G11 og senior Herre. I tillegg har me samarbeidslag på J11 og J12.

Dette er det lågaste tal aktive lag i ÅTIL handball på lang tid, så me får berre håpa at innsatsen me no legg ned i barneidretten vil bera frukter på sikt.

Me har kursa foreldre i 1.- 4. klasse, og innført eigen handballtrening. Første og andreklasse trenar saman mandagane i partalsvekene, tredje og fjerdeklassen trenar saman mandagane i oddetalsvekene.

Me har delteke på minihandballturneringar med 1. og 2. klasse, i tillegg til 3. og 4. klasse. Dette har vore vellukka sportsleg, så me håpar at fleire spelar handball i åra som kjem

Dommarar våren 2019 for ÅTIL var Emil Hillestad, Thea Molvik og Eirik Kolås. Dei hadde me dessverre ikkje med oss hausten 2019.

Hausten 2019 starta Olai Holsæter på dommarutdanning, og han vil fullføre Dommar 1 våren 2020. I tillegg har Vigdis Askeland og Synnøve Askeland byrja å dømme for ÅTIL.

4 Økonomi

Økonomien til handballgruppa er tilfredsstillande, og me har delteke på dugnad som er felles for ÅTIL som Fjord til Fjell, Billotteriet og Målrock.

5 Medlemstal

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner		33	7	5	22	67
Menn		48	13	5	11	77
Totalt		81	20	10	33	144

5.1 Medlemsutvikling

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kvinner	73	67	25			
Menn	79	77	44			
Totalt	152	144	69			

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse
Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon
Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868

Vår dato
27.02.2020Vår referanse
Styret handball**6 Oppgaver i året som kjem**

Full fokus på barneidrett og oppfølging på dei aktive laga me har no. Legge til rette for trenarutdanning lokalt, og fleire trenarar per lag.

Styrke samarbeidet med IL Jotun, da me ikkje klarte å få til samarbeidlag med senior dame sesongen 2019/2020. Det førte til at «våre» jenter må melde overgang til Jotun. Jotun har valt å ikkje halde fram med at alle jentelaga ÅTIL og Jotun har skal meldast på som Jotun/Årdalstangen og alle gutelaga ÅTIL og Jotun har skal meldast på som Årdalstangen/Jotun. Dette har ført til utfordring for mellom anna jentene i 2007-kullet. Her klarte me heldigvis å få til ein avtale, som regionen godkjente. For herre var samarbeidet forankra før fristen 1. mai.

7 Årsmelding frå dei ulike gruppene / laga

Trenarar/støttespelarar 2019/2020:

2013-kullet: Nadyia Melnikova

2012-kullet: Linne Hege Einan og Hanne Stedje

2011-kullet: Andrea Hov Luggenes, Linn Hege Einan, Bente Viken og Anne Margrete Hatlelid

2010-kullet: Hanne Øren, Anette Huun Jevnaker og Nadyia Melnikova.

2009-kullet: Hanne Øyre, Anne Kauppi og Emil Hillestad.

2008-kullet: Anne Kauppi og Vibeke Rinde

Senior: Marianne Hollevik, Jens Herstad og Reidun Fodnes

Lag	Trenar	Oppmann
J11 2019/2020 Samarbeid med Jotun	Unni Kvale Kvannli Stine Kauppi Straumsheim	
J12 2019/2020 Samarbeid med Jotun	Adelheid Nes Vibeke Fuche Moe	
G10 2019/2020 Samarbeid med Jotun	Hanne Øyre Emil Hillestad	
G11 2019/2020	Anne Kauppi Vibeke Rinde	Vibeke Rinde
G12 2019/2020	Sveinung Natvik Vivian Olsen Frank Hovland	
Senior Herre 2019/2020 Samarbeidslag med Jotun	Marianne Hollevik Jens Herstad	Reidun Fodnes

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868

Vår dato
27.02.2020Vår referanse
Styret handball

Alfred Holsæter gav seg som trener og aktiv spelar for ÅTIL etter 2018/2019 sesongen. Under er avisutklipp fra Sogn Avis etter avskjedskampen mandag 25. mars 2019.

ÅTIL handball vil takka Alfred for utallige timar i Tangenhallen og spesielt arbeidet og iveren han har lagt ned for gutehandball.



SLUTT FOR G14: Når sesongen er slutt, er det også slutt for g14-laget. Det er ikkje nok spelarar til å halda eit G16-lag i gang.



SKÅRA I AVSKILSKAMPEN: Ein innhaldsrik exit vart det for Alfred, som stod heile kampen i mål, fekk med seg eit par angrep som sjunde angrepsspelar på strek og dessutan skåra eit mål på straffe.



GODT HUMØR: Alfred Holsæter har vaktat buret i 33 år, men no er det slutt. Siste kamp var mot Juristforeningen. Den var særskild fredelig og prega av god tone og godt humør.

Storstila avskjed med Alfred

■ Legg opp etter 33 år ■ Sluttar som trener ■ Trur på opprykk

ARDAL: Han har trua med å gje seg i 15 år, men no meiner Alfred alvor.

– Eg kvir meg til å ikkje kunne spela handball meir, det er utan tvil det verste. Det er grusamt å tenkja på, seier Alfred Holsæter (47).

Kroppen seier stopp

Målvaktveteranen vedgår å ha sagt han vil leggja opp i 15 år utan å greia det. Men no er det altså slutt.

– Eg har ikkje kropp til dette lenger, det går berre ikkje an å tynta seg meir. Diverse, seier han, som no melder frå om at han no vil gje seg etter 33 år på bana og 30 år på sidelinja. Alfred har spelt på samtlige herrelag som har vore i Årdal sidan 1987. Og han har eigentleg ikkje heilt på kor mange ulike lag han har vore trener for.

Trur på laget

– Eg er vel sliten, kan ein seia. Motivasjonen dett kanskje litt og så er det noko med å vera meir saman med familien og slite ting. Og så er det vel også det at eg har eit håp om at nokon andre vil komma inn og ta dette laget eit hakk vidare, seier han.

Herrelaget til ÅTIL Jotun har både Alfred og makker Jens Herstad (54) forresten stor tru på. Såpass tru at dei går for opprykk neste sesong.

Stor framgang

– Me har rundt 20 spelarar, der dei fleste er frå rundt tusenårsalfet, pluss to gamlingar. Denne sesongen har det gått litt opp og ned, men det er stor framgang heile vegen, heilt klart, fortel Jens. Kjeperveteranen har søner på laget og vil halda fram så

Kampfakta:

ÅTIL/Jotun – Juristforeningen IL 19-36 (9-21)

5.divisjon menn, Tangenhallen, 11. siterunde

Tilskodarar: Om lag 50

Dommar: Per Riedar Svangstu, IL, Bjørn

Utvalde: ÅTIL/Jotun: 1x2min

ÅTIL/Jotun: Alfred Holsæter (11), Jens Herstad, Erik Kollås, Tobias Herstad (1), Oscar Skjerpang (1), Albert Karsen Hareid (4), Emil Hilestad (1), Jesper Lågøen Øvstetun (2), Simro Lund Lufte (3), Oiv Nustad (4), Øystein Fuglestrand Ytzi, Benjamin Nese (2), Kristoffer Løthjem.

lengde det er interesse i spelargruppa for det.

For to år sidan la Jens og Alfred ein langtidsplan om opprykk tredje sesong.

– Og det trur eg verkeleg på – men det blir utan meg, seier Alfred, som i tillegg til å trenast herrelaget også trener G14-laget til ÅTIL Jotun.

Kvir seg ikkje

Både han og Jens jobbar skrift og må avleysa kvarandre i treningskvardagen. I tillegg er dei veldig glade for å ha fått med seg Rune Hunderi på trenarsida.

– Det har hjelpt oss mykje, spesielt i forhold til angreppsspelet, seier Jens.

Verken han eller Alfred kvir seg for å gå på bana og ta i eit tak om det er naudsynt.

Vanskeleg kamp

Det vart det denne dagen, i sesongens siste kamp mot det absolutte topplaget i 5. divisjon, Juristforeningen IL. Siger hadde dei nok ikkje heilt tru på denne dagen.

– Me visste at det ville bli vanskeleg. Men me gjer ein veldig



TRUR PÅ LAGET: Alfred Holsæter (47) og Jens Herstad (54) har stor tru på laget sitt og satsar på opprykk neste siste kamp.

god kamp med mykje bra spel

og meir saman med familien og slite ting. Og så er det vel også det at eg har eit håp om at nokon andre vil komma inn og ta dette laget eit hakk vidare, seier han.

Herrelaget til ÅTIL Jotun har både Alfred og makker Jens Herstad (54) forresten stor tru på. Såpass tru at dei går for opprykk neste sesong.

– Me har rundt 20 spelarar, der dei fleste er frå rundt tusenårsalfet, pluss to gamlingar. Denne sesongen har det gått litt opp og ned, men det er stor framgang heile vegen, heilt klart, fortel Jens. Kjeperveteranen har søner på laget og vil halda fram så

seiest å ha spelt ein innhaldsrik avskjedskamp, der han vart opp med fleire klasserendningar, sette seg sjølv inn som strek i overtalsspel og enda med å skåra på straffe.

Berre gode minne

Men sjølv med ein bauta i bakaste rekke, vart det 39-19-tap for årdølene, men det var kanskje andre ting dei tenkte meir på denne dagen. Vemodig var det i alle fall for Alfred Holsæter. Han har ein mannsalder på handballbana å sjå attende på.

– Eg har nesten ingen dårlege minne. Dei gjødd eg ikkje tenkja på, seier han.

Eit av dei beste er kanskje då han og Jens var med på å slå sjølvaste Elverum på borte-bane.

Pappa på heiltid

– Ja, det er heilt sant! Jens spelte sitt livs kamp, det var fantastisk. Eg har utruleg mykje gode

minne frå handballen, og det er eg glad for. Men det tek mykje tid, det merkar ein jo.

– Eg vil gjerne prioritera familien litt meir framover og berre vera handball- og fotballpappa på heiltid, er konklusjonen.

Nok er nok

– Eg må slutta som spelar, det er udiskutabelt stopp. Og eg vil berre ikkje ha hovudansvar som trener, det er der det

ligg. Eg har sagt at eg kanskje kan stilla opp som hjelperenar for Aurora (dotter som spelar på damelaget til Jotun, journa.mrk) ved behov. Men merk for all del, dette er ikkje nokon jobbsøknad. Det er slutt no.

Hanne Stedje

hanne@sognavis.no

Styret ÅTIL Handball (s)

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse
Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon
Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
27.02.2020

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball G10 sesongen 2019/2020

Trenarar: Hanne Øyre
Emil Hillestad
Anne Kauppi

Oppmann: Hanne Øyre

Antall spelarar: 9 stk (5 gutar frå Jotun og 4 fra ÅTIL)

Augustas Juska
Daniel Walaker
Sander Hop
Mathias Grønsberg

Emil Øyre
Harald Gikling
Storm Øyre Osen
Joakim Tikkanen Lunde
Sigurd Bale

Treningar:

Har treningar i hallen kvar onsdag frå 18 – 19.30. Delar bane med G11, og får litt speletrening saman med dei. Det har vore godt oppmøte på treningane. Da ÅTIL kun hadde 4 spelarar og Jotun 5, har me valgt å trene saman.

Kampar:

Me har spelt kampar både for ÅTIL og Jotun. Byter drakt alt etter kva klubb me skal spele for. Dette fører til at for kvar kamphelg, vert det 4 kampar. Dette er gutane nøgde med, da det vert mykje speling på alle. I haustsesongen spelte me 6 kampar for ÅTIL og 6 kampar for Jotun fordelt på 3 speledagar. Vårsesongen så rakk me 4 kampar for kvar klubb før Covid-19 stoppa sesongen.



Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse
Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon
Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
27.02.2020

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball G11 sesongen 2019/2020

Trenarar: Anne Kauppi
Vibeke Rinde

Oppmann: Vibeke Rinde

Antall spelarar: 7

Jo Blikken

Markus Rinde

Linus Ruthstrøm

Andreas Skålbones

Viljar Lie Smedegård

Kristoffer Tørnes

Hermann Myklebust Valaker

Treningar: Har treningar i hallen kvar mandag 18-19 og kvar onsdag frå 18 – 19.30. Onsdagane delar me hall med G10, og får litt speletrening saman med dei.

Det har vore godt oppmøte på treningane, og gutane er ivrige. Me har hatt mykje fokus på teknikk-trening og begeelse uten ball. For å få til det, utan at gutane tykkjer det er kjedeleg, har me har mykje «speletrening» 3 mot 3 og 3 mot 2. Ingen av spelarane har dirkete faste speleposisjonar, me rullerar så godt me kan basert på frivilligheit hjå gutane.

Kampar:

I haustsesongen har me spelt 7 kampar, og me rakk 5 kampar før Covid-19 slo inn midt i mars 2020.

Gutane har utvikla spelet sitt fra kamp til kamp, og me har fine resultat. Masse speletid får kvar einiskild, da me spelar 6-ar handball.



Vibeke og Anne

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon

Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



Vår dato
27.02.2020

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball G11 sesongen 2018/2019 og G12 2019/2020

Trenarar: Sveinung Natvik
Frank Hovland
Vivian Forthun Olsen
Oppmann: Sveinung Natvik

Våren 2019

Avslutta sesongen 2018/2019 med turnering i Bergen. Dette tykte gutane var moro, og det vart ein fin avslutning på sesongen
Gutane melder at dei gjerne er med til hausten att.

Desse gutane var med:

Einar Njøs Natvik
Jesper Natvik
Joakim Hovland
Leander Dyrdal
Heine Svortevik
Edvin Øvstetun
Eskil Nes
Lucas Andersen
Alex Nilssen

Hausten 2019

Da hausten kom og me skulle starta med treningar, var det forfall blant gutane.
Nokon ville bruka meir tid på fotball, og to av gutane hadde fått kyssesjuka i løpet av sommaren/hausten.
Dermed hadde me ikkje lag, og måtte trekke laget.

Sveinung Natvik (s)

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse
Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon
Web
www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868

Vår dato
27.02.2020Vår referanse
Styret handball**Årsmelding Åtil Herrelag 2019/2020**Trenarar: Marianne Hollevik
Jens Herstad

Oppmann: Reidun Fodnes

Desse spillerne var med:

Martin Herstad,
Tobias Herstad,
Emil Hillestad,
Eirik Kolås,
Olav Nundal,
Adrian E Kvamsdal,
Sondre Hovland,
Oscar Skjerping,
Erlend Sæbø,
Sivert H Grindhaug,
Håkon Hollevik,
Øystein F Yttri,
Jesper L Øvstetun,
Abdulrahman Salti Muhammad
Kristoffer Loftheim
Endre Saur Midtun
Elias Eldegard Svinø
Marco Pyykkönen
Jens Herstad



Me har hatt 2 treningar per veke fra medio august. Gutane har vore flinke å møte på trening i haustsesongen, litt dårlegare oppmøte etter jul.

Spennande med Marianne som hovudtrenar. Ho har tilført gruppa fleire nye element i treningane, og gruppa har blitt ein fin sosial gjeng.

Me fekk vår første seier på heimebane og bortebane denne sesongen, og me har utvikla oss sportsleg veldig bra.

Me vil òg takka sponsor Sogn Sparebank for nytt draksett – heime og bortedrakter.

5. divisjon Menn, Håndballsesongen 2019/2020

Nr	Lag	K	V	U	T	Mål	P	LS
1	<u>Kjøkkelvik/Mathopen</u>	13	13	0	0	460 - 268	26	
2	<u>Bjørnar 3</u>	12	9	0	3	365 - 304	18	
3	<u>Lyngbø</u>	12	8	1	3	433 - 336	17	
4	<u>Bjarg/Knarvik</u>	13	8	1	4	394 - 363	17	
5	<u>Skjergard</u>	12	4	0	8	288 - 369	8	
6	<u>Rabalder Bergen</u>	10	3	0	7	236 - 280	6	
7	<u>Årdalstangen</u>	12	2	0	10	232 - 371	4	
8	<u>Fana</u>	12	0	0	12	224 - 341	0	
	<u>Viking TIF 4 (Trukket)</u>							

Jens Herstad Herregruppa (s)

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen**Besøksadresse**

Epost: leiarhandball@aatil.no**Telefon**

Web
www.aatil.no**Bank**
3730.20.06254
Foretaksregisteret
974 442 868



□□ **Trenar herrelag i handball**

□□ **Ikkje kvardagskost**



– Når me kjem på bortekampar og eg kjem inn i hallen, er det nok ein del som stussar litt, seier Marianne Hollevik. Ho har eit ansvar på handballbana som ikkje så mange andre unge kvinner har. 23-åringen er nemleg trenar for handballherrane til ÅTIL i femtedivisjon. – Eg hadde nok ikkje sagt ja viss eg ikkje hadde kjent spelarane frå før, seier Hollevik.

Side 12 og 13

Manglar pengar til utbetring

LEIKANGER: Fukt- og muggs-kadar har stengt bærerommet og toalettet ved Leikanger kyrkje. Pengemangel har sett utbetringa på vent.

Side 4 og 5



Sportsinteressert?

Tips meg på tlf. 958 70 621 eller send ein e-post til endre@sognavis.no

Endre Romøren
endre@sognavis.no

**Miriam reiser til Medkila**

FOTBALL: Miriam Vilnes Mjåset (19) pakkar bagen og forlèt Kaupanger til fordel for Medkila, opplyser klubben på sine Facebooksider. Harstadklubben som spelar i 1. divisjon har Margunn Haugenes, ein tidlegare Kaupanger-spelar ved roret. Mjåset var ute i halvanna år med skade, før kom attende på bana i haust, skåra på første touch og beviste mest av alt for stort eit sagn ho hadde vore for laget.

Surt tap for Sogndal

HANDBALL: I 3. divisjon kvinner var Sogndal særns nær å ta sitt aller første poeng for sesongen då NHHI var på besøk søndag. Med eitt minutt att av kampen utlikna Sogndal til 24–24 etter ein særns jamn kamp. Gjestene skåra med 30 sekund att på klokka, og trass i at heimelaget tok timeout i sluttsekundane for å samla troppane, lukkast det ikkje å setta den eine skåringa som ville ha sikra laget uavgjort og dermed også det første poenget etter 14 tap på rad. Kampen enda 24–25.

Styrer troppane med god

■ ■ Åtte tap på rad

■ ■ Solid siger på heimebane

■ ■ Viktig idrettstiltak

ÅRDAL: Marianne Hollevik (23) er den einaste i sitt slag i mange mils omkrins.

Ho er nemleg ein av ytst få kvinnelege trenarar på herresida i handball, både i 5. divisjon og lenger oppover i seriesystemet.

Få kollegaer

– Marianne er kjempeflink og me er veldig glade for å ha ho på vårt lag, seier handballeiar i ÅTIL, Anne Kauppi. Ho var sjeleglad då 23-åringen svara ja då ho vart spurt om å ta over trenaransvaret før denne sesongen.

– Det er friskt satsa i så ung alder, tykkjer eg verkeleg. Og eg tvilar verkeleg på at ho mter særleg mange kvinnelege kollegaer rundt om, legg ho til.

Stor rolle

Sjølv er lærarstudenten Marianne meir smålåten med tanke på den heilt særskilde posisjonen ho har sett seg i. Men ho seier ho merkar at det vekkjer oppsikt.

– Det er helst når me kjem på bortekampar og eg kjem inn i hallen, då er det nok ein del som stussar litt, kanskje også fordi eg er ganske lita i forhold til ein del av spelarane, så det er vel noko som blir lagt merke til. Eg kjenner litt på det når eg skal stå der og ta ein ganske stor rolle, men det har gått overraskande bra, er konklusjonen så langt.

Uvand start

Då ho tok idrettsfag for nokre år sidan, var ho i praksis som trenar 16-årslaget. Fleire av desse spelarane er det som i dag utgjør stammen i herrelaget. Det gjorde at det var lettare å seia ja då ho fekk spørsmålet no.

– Eg hadde nok ikkje sagt ja



GODT HUMØR: Spelarane framhevar trenaren sitt gode humør som ein stor styrke. Sjølv vil ho helst ikkje framheva seg sjølv på noko vis, men Marianne frå venstre: Øystein Fuglestrand Yttri, Jesper Lågøen Øvstetun, Elias Eldegard Svinnø, Håkon Hollevik, Endre Saur Midtun, Erlend Sæbø. Sondre Hovland, Hestad, Erik Kolås.

viss eg ikkje hadde kjent spelarane frå før. Men eg oppdaga for at det er litt annleis no, så det var litt uvand i starten. Då dei var yngre, var det eg som var sjefen. No er det ikkje heilt slik lenger, rolla er litt annleis. Samstundes har spelarane utvikla seg mykje og krev ikkje det same hjå meg som då dei var yngre, seier ho.

Spennande kamp

Laurdag var det dukka for ein ekstra spennande kamp i Tangenhallen, ettersom tabellnabo nedst i botnen av 5. divisjon, Fana, kom på vitjing. Ingen av laga hadde poeng frå før denne sesongen, så det låg an til eit

tett og jamt oppgjær. Det vart det då også i starten, men i midten av første omgang byrja heimelaget å dra ifrå.

– I dag trur eg nok veldig mange av gutane verkeleg hadde bestemt seg for at her kunne det bli seier, seier trenaren.

Fullt hus

– Men det var også viktig å ta det opp i garderoben før kamp at me faktisk må spela kampen først og skåra fleire mål enn det andre laget. Det er fort å sleppa seg litt ned og tenkja at det går litt av seg sjølv.

Eit sterkt ynskje om å endeleg ta sesongens første poeng kombinert med brei og mang-

faldig tropp, fordel av heimebane og ikkje minst, fullt hus på tribunen, er truleg årsaka til at ÅTIL-herrane til sist vann solide 27–21.

Fredeleg og fartsfylt

Dei rundt 100 tilskodarane vart vitne til ein relativt fredeleg og tidvis fartsfylt kamp med mange flotte skåringar på begge sider.

Dommarveteran Per Reidar Svangstu vedgår at han nok hadde sett føre seg langt tøffare tak.

– Her er det to lag som er jamne og som gjerne vil ha desse poenga, så eg tenkte eg måtte vera veldig skjerp, seier

han.

– Eg har dømt desse gutane mange gonger tidlegare, og veit at i slike kampar er det fort at det kan bli litt temperatur og litt etterslengjarar og litt sånt, men Marianne har tydelegvis veldig god kustus på dei, seier han om den unge ÅTIL-trenaren.

– Eg tykkjer det er fantastisk flott – det er verkeleg ikkje ofte ein ser så unge damer tek slike utfordringar på strak arm, seier Svangstu.

Viktig tilbod

Stammen av spelarar i laget har spelt saman sidan dei var veldig små.

Kampfakta:

ÅTIL–Fana 27–21 (12–8)

Tangenhallen, laurdag 18. januar

Tilskodarar: Om lag 100

Dommar:

Per Reidar Svangstu, IL Bjørn

Utvisingar:

ÅTIL 2x2 min, Fana 1x2 min

Årdalstangen:

Martin Herstad, Endre Saur Midtun (4), Øystein Fuglestrand Yttri (1), Elias Eldegard Svinnø (1), Eirik Kolås (4), Oscar Skjerping (1), Sondre Hovland (5), Tobias Herstad (2), Håkon Hollevik (5), Erlend Sæbø, Adrian Einemo Kvamsdal (4), Emil Hillestad, Jesper Lågøen Øvstetun.



Grei skuring for Syril

HANDBALL: Siv Reagen Hickman vart toppskårar med sju nettkjenningar or Syril då dei møtte Førde 2 på bortebane laurdag. Kampen var veldig jamn det meste av tida. Laga skiftast på å leia, Førde var oppe i 15-13-leiing før Syril kom attende og drog ifrå mot slutten. Til sist enda det med at Trine Humlestøl Njøs fastsette sluttresultatet til 16-20. (Arkivfoto)

Lite snø stogga skirenn

ALPINT: Det planlagde cuprennet i alpint som skulle gått av stabelen i Blomlia i Sunnfjord i går måtte avlyst grunna for dårlege snøforhold. I staden gjekk Førde IL og Sogndal IL saman om å invitera til ei felles samling ved Sogn skisenter Hodlekve, der det var lagt opp til treningsøktar i slalåm og storlalåm som også tilrettelagd for dei aller yngste, melder skikrinsen på sine heimesider.

Fekk ein gut

SKISKYTING: Johannes Thingnes Bø (26) og kona Hedda Dæhli Bø (26) har blitt foreldre, skriv VG. Guten som har fått namnet Gustav, blei fødd tysdag. Bø seier til avisa at alt står bra til med mor og barn.

It humør

lbod ■■ Mykje moro



Hollevik (23) er klar over at ho er ein sjeldan art i handballmiljøet som kvinneleg trenar for eit herrelag. Bak Oscar Skjæring. Framme frå venstre: Adrian Einemo Kvamsdal, Emil Hillestad, Martin Herstad, Tobias

– I tillegg ser me at me har nokre spelarar som kanskje har hatt nokre år vekke frå handballen som no kjem att og vil vera med. Det er ikkje uvanleg at ein del kanskje sluttar i 14-årsalderen, men me tykkjer det er veldig positivt å sjå at ein del av dei kjem attende. Me er veldig glade for at me greier å halda oppe eit herrelag og eit tilbod til desse karane, seier handballeiar Anne Kauppi.

Flott gjeng

Trenar Marianne rosar spelarane for at dei står på, sjølv om det har gått trått denne sesongen med åtte tap på rad.

– Men eg trur dei ser veldig på dette som sosialt og artig likevel. Det er ein utruleg fin gjeng og me har mykje moro i lag, seier ho.

Kaptein Håkon Hollevik (20) stadfestar dette. Han seier det har mykje med miljøet på laget å gjera.

Vil alle vel

– Og det at folk verkeleg gjerne vil bli berre og prøva å gjera ting betre. Og så det at folk ynskjer kvarandre det beste, det er det som gjer at me står på og prøver å heva oss over alt som er, eg er verkeleg stolt over heile gjengen i dag, det var veldig moro, seier han.

At sjefen sjølv er ei lita dame, tykkjer han går heilt fint.

Respekt uansett

– Marianne er utruleg god på å motivera, oppmuntra og bygga oss opp, spesielt når me har dårlege dagar og det går i motbakke. Ho er sjølv sagt veldig streng når det trengst, men passar godt inn fordi ho har humøret. Den måten ho behandlar folk på gjer at ho har respekt uansett, seier kapteinen.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



IMPONERT: Dommarveteran Per Reidar Svangstu frå Gaupne tykkjer det er fantastisk flott at Marianne tek trenargjeringa på strak arm.



TØFFE TAK: Endre Saur Midtun, Tobias Hestad og dei andre ÅTIL-gutane fekk det tøft mot Fana, men sigeren var i realiteten aldri truga dei siste 40 minuttane av kampen.



TAKK FOR KAMPEN: Martin Herstad gjorde ein svært god kamp som sisteskanse og fekk fortent skulderklapp frå trenaren til takk.



RUVAR IKKJE: Ho merkar at det vekkjer litt oppsikt når dei kjem reissande på bortekampar, det at ho ikkje nett ruvar over spelarane sine. Men 23 år gamle Marianne er heilt sjef likevel.

SPORT

Sogn Avis

TIPS OSS! 57 65 60 00

E-post: redaksjon@sognavis.no



Endre Romøren

Tlf: 958 70 621

E-post: endre@sognavis.no

Utteken til Europa-cup

Jørgen Aarøen Taklo er utteken til europacup i Kvitfjell 29. februar-1. mars. Jølster-løparen kan få sin debut i europacup med utforrenn i Kvitfjell i månedskifte februar/ mars, etter gode resultat i utfor denne sesongen. Det skriv skikrinsen på heimesida.

Denne gjengen kan du skli rett inn i:

- Berre skyt ei melding!



BRA GJENG: «Humørfyllt og triveleg herrehandballag med godt miljø søker fleire spelarar». ÅTIL-herrane med trenar Marianne Hollevik i spissen vil gjerne ha med seg fleire. Her foreviga i samband med årets første siger for nokre veker sidan. **BEGGE FOTO: ARKIV/HANNE STEDJE**

ÅTIL-gutane går breitt ut for å få med seg folk.

HANNE STEDJE
hanne@sognavis.no

- Vil du - eller kjenner du noko som vil - prøva seg på handball? Me vil gjerne ha med oss fleire på laget, er meldinga frå ÅTIL-herrane.

Me er ein fin og open gjeng som spelar no og har eit lett miljø å skli inn i, forsikrar Erlend Sæbø i ein Facebookstatus som i no vert delt av handballinteresserte årdøler.

Vann to på rad

Det same sa kaptein Håkon Hollevik i samband med at laget henta heim sin første siger heime mot Fana tidlegare i januar. Eit par veker seinare slo dei Fana også på bortebane og gjorde dermed det kunststykke

å vinna to kampar på rad, noko som ifølgje dei som har greie på det, ikkje har skjedd på mange år.

- Det er godt miljø på laget, folk vil det beste for kvarandre og er flinke til å backa kvarandre. Det gjer at me står på og hevar oss over alt som er, fortalte kapteinen.

Fleire kjem att

Han la heller ikkje skjul på at det kan vera seigt å stanga i botnen av 5. divisjon, men understreka igjen at det er det sosiale og samholdet på laget som er hovudmotivasjonen for å spela.

Stammen i laget er sett saman av ein god del spelarar som har spelt saman sidan dei var på knøttestadiet, fortel handball-leiar Anne Kauppi.

- Men me ser også at det har kome att fleire spelarar no denne sesongen som har hatt nokre års pause. Det tykkjer me er

heilt topp. Det viktigaste for oss er at me har eit lag og eit tilbod til dei som vil spela handball, seier ho, som førebels ikkje fryktar for rekrutteringa på lang sikt.

- Me har gode kull både i 2007, 2008 og 2009, der det går føre seg ein del samarbeid mellom ÅTIL og Jotun. Det betyr mellom anna at me har nokre felles treningar, og me ser at det er veldig populært. Det er stor skilnad på å vera 10-12 på trening og på å vera 24. Då kan ein gjera andre øvingar og trena på ting som elles kanskje ikkje er så lett, meiner ho.

- På sikt blir desse laga uansett eitt og same lag, legg Kauppi til.

Fine tider

